



Kampen om pokalen

Gerhard var Gemert

Bestevenane Stein og Storm speler fotball på FK Rapitas. Dei største rivalane deira er Stutane og i denne boka kjempar dei om førsteplass i mesterskapet. Nokre på det andre laget tek i bruk ganske ufine metodar, blant anna blir Storms dyre fotball stjålen.

Dette er den fyrste boka på norsk i serien Fotballgudane.



Hest, Hest, Tiger, Tiger

Mette Eike Nerlin

Ei helt fantastisk bok om jenta Honey. Honeys storesyster vart født med ein hjerneskode, og Honey sjølv vart født med hareskår og har hatt massevis av operasjonar. Mor jobbar mykje, Honey må ta seg av storesyster og når ho treffer faren sin tigger han penger av ho. Likevel er dette slett ikkje noko trist bok! Den er full av humor og omsorg. Du blir glad i personane i boka og Honey ender i mange rare og morosame situasjonar.



Stavanger Stories 1 og 2

Terje Torkildsen

I 14 historier følger vi søskenparet Betty, Broremann og Duxen gjennom sykdom og død i familien, rusetid, mobbing og «den fyrste gongen». Nokre av novellene er morosame, andre alvorlege, men alle har eit overraskande sluttpoeng. Og de som bur i Stavanger vil garantert kjenne dykk att.



Det blir pinlig uansett

Bjørn Sortland og Tyra Teodora Tronstad

Dette er ein epost-roman, som forfattarane har skrivne saman. Han skriv kapitla om Elisa som studerer i Oslo, på nynorsk. Ho skriv Susannes epostar på bokmål. Ho veit ikkje kven han er, men han har sett ho på bussen mange gonger. Så nært at han kan eposten hennar utenat. Når ho brått sluttar å reisa, tek han mot til seg og sender ein epost. Dette er ei veldig lettlest og fin bok.



Kva tåler så lite at det knuser om du seier namnet på det?

Bjørn Sortland

Ei kjærleiksroman om Markus og Ingrid. Han jobbar på flyplassen, ho reiser med fly og er det finaste han nokon gong har sett. Dei første gongene dei møtes, veit han ikkje at ho har kreft.

Utarbeidet av Sølvsberget for bibliotekene i Rogaland.
Få flere lesetips på ditt bibliotek eller



Sølvsberget

BIBLIOTEK OG KULTURHUS

Nynorsk for ungdomsskulen



Her finn du gode bøker på nynorsk!

PS: Sjå etter bøkene med gul og grønn teip..



Sølvsberget

BIBLIOTEK OG KULTURHUS



Landet under isen Lars Mæhle

Me følger ein detektiv som prøver å finna ut hva som skjedde med fire ungdommar som forsvant frå ei lita bygd like ved Jostedalsbreen. Bygda har opplevd forsvinningar før, nokre år tidlegare vart ei gruppe forskarar borte medan dei forsøkte å finna ut kvifor det kom svart røyk opp av isen. Og ja, det ER noko under isen.



Vegandi, Galderstjerna Asbjørn Ryland

17 år gamle Eirik går på videregående, skal ta sertifikatet og sit gjerne timevis på nett med kompisen Khalid og speler. Akkurat no er dei opptekne av eit spel med helt fantastisk grafikk og lydeffektar, Reborn. Og no startar dramatikken: Eirik blir slått ned, mistar medvitet og vaknar i ei verd som minnar misstenkeleg om Reborn, berre at her blør han ekte blod..



Skammarens dotter Lene Kaaberbøl

Her møter vi Dina, som har arvet mor sin eigenskap: evna til å få menneske til å skamma seg. Det blir ganske einsamt å vera Dina når ing- en av dei tidlegare venninnene vil sjå ho i augo. Så blir Dinas mor kidnappa av ein ond fyrste.



Glimt Tor Arve Røssland

Glimt er ein spøkeshistorie som foregår i notida, men som har samanheng med 2. verdenskrig. 15årige Jon har nettopp flytta til ei lita øy langt ute i havgapet og opplever uforklarlege ting i ungdomshuset.

Har det han opplever noko å gjera med Solveig, som var 15 år då krigen starta?



Svarte-Mathilda Tor Arve Røssland

Om du ser inn i den rette spegelen og roper svarte-Mathilda mange nok gonger, så kjem ho. Og det vil du ikkje, for med ho følger død og uhygge!

Det finnes variantar av den same vandrehistoria i mange land, gjenferdet har berre forskjellige navn...



Død eller levande Lars Mæhle

Tvillingane Simon og Katrin har begge Evna. Dei ser, høyrer og kjenner det andre ikkje kan ana. Simon merker spøkelses og ondskap, så når han høyrer pianospel fra dei gamle tyskerbrakkene som har stått sidan krigen, veit han at noko kjem til å skje.



Inn i elden Aina Basso

Me følger to unge jenter, Dorthe frå København og Elen som er dotter av ei «klok kone». Handlinga utspeler seg i Vardø kor Dorthe skal reisa for å gifta seg, og Elen vert anklaga for å vera heks. Boka byggjar på verkelege hendingar og det får det til å gå kaldt nedover ryggen på lesaren. Hekseprosessane i Vardø på 1600-talet var dei verste i heile Europa. Over 90 personer blei brent på bålet.



Svartedalen Atle Hansen

Ein dyster, mørk, skummel sommarferie. Familien til den navnlause hovudpersonen har arva eit gammalt hus, Kapteinshuset. På bygda kviskrar folk om at det spøker der. Dei vaksne seier at det berre er tull, men kven er det som kviskrar «Gje meg att det som er mitt!» og kven er den mystiske jenta som ikkje alle kan sjå? Og den svarte katten som lokkar, er det den same som var der for 30 år sidan?



Dagen om natta Berit Vatne Vik

Me skal 160år tilbake i tid, til ei lita bygd på Vestlandet. Her bur vakre, glade Ingebjørg Nilsdatter Vatne som skal gifta seg med Jakob, sin store kjærleik. Men Ingebjørg har blitt spedalsk og ryggen hennar er full av knuter. Ingen vil vita av ho meir fordi dei er redde for smitte. Ho får ikkje gå ut, anna enn om natta. Ei vakker men grusom forteljing.